

ABP Aqua Mongstad AS

Dato	16.10.2023
Vår referanse	2022/69046-20
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Endre Korsøen
E-post	Endre.Korsoen@vlfk.no
Telefon	91764632

ABP Aqua Mongstad AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av settefisk og matfisk av laks og aure på lokalitet 45177 Mongstad i Alver kommune

Vi syner til vårt vedtak av 22.05.2023 om løyve til oppdrett av settefisk og matfisk av laks og aure på lokalitet 45177 Mongstad i Alver kommune. Advokatfirmaet Schjødt har på vegne av ABP Aqua Mongstad AS påklaga vedtaket i brev motteke 12.06.2023. Statsforvaltaren i Vestland har 11.10.2023 gjort endringar i utsleppsløyve.

Vedtak

ABP Aqua Mongstad AS, org. nr. 928786994, med akvakulturløyve VL-AL-1 og VL-AL-2 får med dette løyve til å etablere akvakulturanlegg for oppdrett av settefisk og matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Onchorynchus mykiss*) på følgjande lokalitet i Alver kommune:

Lokalitetsnr.	Lokalitetsnamn	Kommune	Lokalitetsbiomasse
45177	Mongstad	Alver	29897 tonn

Løyvet gjeld for ein årleg biomasse produksjon på 44800 tonn.

Akvakulturløyva gjeld for ei anleggsplassering som vist i vedlagte kart og som har følgjande koordinatfesta midtpunkt i grader og desimalminuttar (Kartdatum Euref 89/WGS84): N 60°47.946 Ø 05°03.980.

ABP Aqua Mongstad AS, VL-AL-1 gjeld oppdrett av settefisk av laks og aure i landbasert anlegg med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 762 tonn.

ABP Aqua Mongstad AS, VL-AL-2 gjeld oppdrett av matfisk av laks og aure i landbasert anlegg med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 29135 tonn.

Den samla biomassen på lokaliteten skal ikkje på noko tidspunkt overskride MTB på 29897 tonn.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Vestland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 07.11.2022 nr. 1929 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, dyrevelferdslova, forureiningslova, havne- og farvannslova og vassressurslova.

BAKGRUNN OG SAKSGANG


Om søknaden

ABP Aqua Mongstad AS søker om løyve til å etablere anlegg for oppdrett av settefisk og matfisk av laks og aure. Søknaden gjeld ein samla årleg produksjon av 44 800 tonn, der 1800 tonn vil vera settefisk og 43 000 tonn er matfisk. Ståande biomasse vil vera inntil 29 135 tonn i matfiskanlegget og inntil 762 tonn i settefiskanlegget.

Nytt anlegg på Mongstad skal dekke heile produksjonskjeden frå rogn til matfisk. Anlegget skal ha klekkjeri og avdeling for startfôring, påvekst, smolt, postsmolt og matfisk. Settefiskproduksjonen skal skje i eit RAS anlegg, medan matfiskproduksjonsdelen skal skje i eit gjennomstrømningsanlegg med gjenbruk av vatn. Planen er å bygge ut anlegget i fire produksjonstrinn.

Heile anlegget skal drivast ved bruk av sjøvattn og avsalta sjøvattn, og vil vera uavhengig av eigen ferskvasskjelde. NVE har i brev av 24.02.2021 konkludert med at omsøkt anlegg ikkje treng ytterlegare vurdering etter vassressurslova.

Avlaupet frå anlegget vil bli reinsa i eit mekanisk avlaupsreinseanlegg med utslepp på 30 meter djup i den nordlege delen av anleggsområdet.



Den omsøkte nyetableringa vil skje på opparbeida areal innanfor næringsområde på Mongstad, som i reguleringsplan vedtatt 16. juni 2022 av Alver kommune er satt av til blant anna landbasert akvakultur.

Ei etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg, vil både styrke det lokale næringsgrunnlaget og sørge for fleire nye arbeidsplassar lokalt.

Anlegget vil også gje miljømessige positive ringverknader ved at det vert bygd i samsvar med NS 9416 der det vert nytta best tilgjengeleg teknologi og vil soleis bli sær sikkert i høve rømming av fisk.

Høring etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover

Høring etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å

vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg II.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming

Søknaden har lege ute til offentlig innsyn i Alver kommune og det kom inn merknader frå Equinor ASA og Eide Fjordbruk mfl. til saka.

Equinor ASA peiker på uavklarte eigedomstilhøve for gjennomføring som omsøkt. Vidare meiner dei det er manglande risikoanalyse som skildrar korleis ein skal eller kan ta i vare sameksistens mellom matproduserande anlegg og forsyningsaktivitet knytt til olje og gass og håper « ..det kan finnes gode alternative utforminger og plasseringer til anlegg for landbasert oppdrett.»

Eide Fjordbruk AS, Blom Fiskeoppdrett og Engesund Fiskeoppdrett har produksjon på ulike lokalitetar i «Fensfjordbassenget». Dei er uroa over produksjonsvolumet og dei utslepp som kjem som følgje av etableringa. Dei tek opp spørsmål knytt til kapasiteten som resipienten har særleg med tanke på oppløyste næringsstoff og vidare den økologiske tilstanden i vassførekomsten på sikt. Vidare om desinfisering av avlaupsvatn, koordinering av brakkleggingsperiodar i fjorden og smittehygienisk risiko.

Alver kommune har følgjande uttale 05.01.2023:

«Dette er fyrste søknaden som gjeld landbaserte anlegg for oppdrett av matfisk som Alver kommune mottek. I høve til plansituasjonen synes denne i utgangspunktet avklart og omsøkte tiltak synes å vere i tråd med plan. Sett frå ein planståstad tenker ein at regulerte kai- og hamneanlegg som ledd i infrastrukturen er attraktive areal og har svært stor verdi. Vedteken detaljplan synes å opne for faste installasjonar svært nær kaikanten. Ein bør sikre størst mogleg område på kaiområdet for å leggje til rette for ein fleksibel bruk over tid.»

Dimensjon og volum er stort og verknadene for omgjevnadane samla sett er me usikre på. Bakgrunnen for at ein seier dette er at Alver kommune er del i regionalt arbeid med plan for sjøareala. Det utarbeida kunnskapsgrunnlaget brukar nok mykje dei same kjeldene som det synast til her, mellom anna i vedlegg om modellering av i utslepp (DHI) og rapport om Naturmangfald (Multiconsult). Det leggast til grunn i det felles planarbeidet at den økologiske tilstanden er noko variert, men dels sterkt pressa. Som ein konsekvens av dette, og føringane i mellom anna Vassforskrifta, bygg planarbeidet opp under at miljøtilstanden i vassførekomsten ikkje vert forverra av nye planarbeid eller tiltak. Dette gjeld uavhengig av kva kartleggingar syner i dag og vil ha verknad både for vassmassane og botnsediment.

Vi peiker på dette fordi kommunane har eit ansvar i å bidra til å nå vedtekne miljømål og meiner at samanhengen mellom føringane i vassforskrifta (m.a. §12), og korleis desse vert teken i vare ved gjennomføring av tiltaket, må kome betre fram. Det same gjeld tilhøve knytt til nyleg vedteken handlingsplan for Norhordland vassområde og særskilt om det er tiltak knytt til denne vassførekomsten.»

Sektorstyresmaktene si handsaming

Heile anlegget skal drivast ved bruk av sjøvatn og avsalta sjøvatn, og vil vera uavhengig av eigen ferskvasskjelde. NVE har i brev av 24.02.2021 konkludert med at omsøkt anlegg ikkje treng ytterlegare vurdering etter vassressurslova.

Fiskeridirektoratet har handsama søknaden 01.02.2023. Fiskeridirektoratet skal gje uttale i høve til eventuelle konfliktar med fiskeriinteresser som følgje av tiltaket. Fiskeridirektoratet vurderer at omsøkt akvakulturanlegg på Mongstad ikkje kjem i konflikt med fiskeria sine bruksinteresser i området.

Kystverket handsama søknaden 14.09.2022. Med heimel i hamne- og farvasslova § 14 får ABP Aqua Mongstad løyve til etablering av sjøleidningar knytt til landbasert akvakulturanlegg på Mongstad i Alver kommune, Vestland fylke, som omsøkt og i samsvar med vedlagde kart.

Mattilsynet region Sør og Vest handsama søknaden 10.02.2023. Mattilsynet gir godkjenning til etablering av landbasert akvakulturanlegg på lokalitet Mongstad. Godkjenninga vert gjeve for produksjon av matfisk av laks og aure med maksimal tillat biomasse på 44 800 tonn. Det er sett vilkår til klareringa om at lokalitet Mongstad ikkje får produsere fisk til utsett.

Statsforvaltaren i Vestland har handsama søknaden 08.05.2023. Statsforvaltaren har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert den etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. Statsforvaltaren har konkludert med at etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg for produksjon av laksefisk på Mongstad er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene samanstillt med fordelar ved landbasert produksjon elles vil medføre, gjev Statsforvaltaren løyve til ABP Aqua Mongstad for ein årleg biomasseproduksjon på 11200 tonn på nærare fastsette vilkår.

Advokatfirmaet Schjødt har på vegne av ABP Aqua Mongstad AS påklaga vedtaket i brev motteke 12.06.2023. Klagar ber fylkeskommunen om å avvente vidare behandling til klagesaka om utsleppsløyve er endeleg avgjort.

Klagen vart difor send Statsforvaltaren den 19.06.2023.

I brev av 28.08.2023 til Vestland fylkeskommune skriv Statsforvaltaren:

«Vårt vedtak er ikkje avslag på søknad om å bygge eit landbasert anlegg i 4 modular med mål om produksjon inntil 43.000 tonn. Punkt 1 i løyvet skisserer tydeleg at anlegget skal byggast ut modul for modul etter kvart som overvakingsdata gir rom for å auke utsleppa. Vi kan ikkje sjå at Vestland fylkeskommune sitt vedtak om avslag på bygging av modul 2 – 4 kan grunngjevast med Statsforvaltaren sitt vedtak om utsleppsløyve».

I vårt vedtak av 22.05.2022 om å tildele ABP Aqua Mongstad AS løyve til etablere anlegg for oppdrett av settefisk og matfisk av laks og aure på lokalitet 45177 Mongstad er Statsforvaltaren i Vestland sitt vedtak av 08.05.2023 lagt til grunn. I vedtaket står følgjande:

Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved samanstillt med fordelar og landbasert produksjon elles vil medføre, gjev vi løyve til ABP Aqua Mongstad for ein årleg biomasseproduksjon på 11.200 tonn på nærare fastsette vilkår.

Vestland fylkeskommune har lagt til grunn at Statsforvaltaren har gjeve eit redusert utsleppsløyve i høve til ABP Aqua Mongstad AS sin søknad som omfatta ein biomasse produksjonen på 44800 tonn.

Det er gjeve eit redusert løyve etter forureiningslova og då kan ikkje lokaliteten klarerast etter akvakulturregelverket som omsøkt, men må avgrensast tilsvarande særløyve, laksetildelingsforskrifta § 8-3 bokstav c. Vestland fylkeskommune kan ikkje gje løyve etter akvakulturregelverket som er større enn rammene som er gjeve i løyve etter forureiningslova.

For at det ikkje skal vere uklårt kvar det er gjeve løyve til har Statsforvaltaren i Vestland 11.10.2023 gjort endringar i punkt 1 og punkt 3.1 i utsleppsløyve. Oversendingsbrevet som følgjer utsleppsløyve er ikkje endra. I punkt 1 Rammevilkår heiter det:

«Løyvet gjeld forureining frå landbasert produksjon av settefisk og matfisk laks. Løyvet gjeld for ein årleg produksjon av inntil 1800 tonn settefisk og postsmolt, og 43.000 tonn matfisk på lokaliteten. Utsleppsløyvet er gitt under føresetnad av trinnvis utbygging av anlegget i 4 steg slik det er omtalt i søknaden. Utbygging av anlegget skal skje i takt med resultatene av overvaking av effekten av utsleppa på resipienten. Første trinn for evaluering av resipientkapasiteten skal gjerast etter at 1. modul er på plass - eller når årleg produksjon har nådd 11.200 tonn. Utsleppsløyvet skil ikkje mellom produksjon av settefisk, postsmolt og matfisk.»

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

Vestland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som er gjeve i § 8-3 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) det er miljømessig forsvarlig;
- b) det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på
 1. søkers behov for areal til planlagt akvakultur,
 2. alternativ bruk av området til annen akvakultur,
 3. annen bruk av området, og
 4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.
- c) det er gitt tillatelser som kreves etter

1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,
2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall,
3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.
4. lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann; og
5. lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og

d) det ikke er i strid med

1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

a) miljømessig forsvarleg

Søknaden er vurdert med omsyn til biologisk mangfald, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar. Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslepp til luft og vatn er også vurdert av Statsforvaltaren i Vestland som har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Oppdrett av laks og aure kan ha effekt på vill laksefisk gjennom rømming, spreing av lakselus etc. Det er av stor betydning at drifta av anlegget er slik at ein unngår vesentleg påverknad på dei ville bestandane av laksefisk.

Rømming av laks og aure er oppfatta som ei uakseptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei etablering av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldande standardar og anna regelverk på dette området.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Naturmangfaldslova

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 §§ 8-12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 8-3 a.

Akvakulturlova, laksetildelingsforskrifta, NYTEK – forskrifta, IK –akvakulturforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta sett krav til etablering og drift av akvakulturanlegg, og i dette regelverket er det krav til beredskapsgrunnlaget før klarering av lokalitet. I den ordinære sakshandsaminga av akvakultursaker vert det kravd dokumentasjon i form av straummålingar, miljøgranskningar, kart over botntopografi, naturverdiar og biologisk mangfald, viktige lakseførande vassdrag, anleggsskisser, beredskapsplanar og dokumentasjon av selskapet sitt internkontrollsystem. Kommunen og sektormyndede vert gjeve moglegheit for å krevje supplerande utredningar. Fylkeskommunen finn at krava i akvakulturregelverket tilfredsstillar krava til opplysning av saka etter naturmangfaldlova § 8.

Søknaden har på vanleg måte etter reglane i Akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget sin påverknad på naturmangfaldet. jf. § 8 Kunnskapsgrunnlaget.

Fylkeskommunen viser til vurderinga etter naturmangfaldlova § 8 og legg til grunn at det ligg føre tilstrekkeleg beredskap om verknader lokaliteten kan ha for naturmiljøet. Akvakulturlova § 10 slår fast at «Akvakultur skal etableres, drives og avvikles på en miljømessig forsvarlig måte». Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å etablere anlegget. Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk, jf. § 9 Føre-var prinsippet.

Den samla belastninga på naturmiljøet vert i liten grad endra. Vi viser og til våre vurderingar etter laksetildelingsforskrifta § 8-3 fyrste ledd bokstav a krav om at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det er miljømessig forsvarleg. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologiske effektar eller naturmiljøet, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter, jf. § 11 Kostnader ved forverring av miljø.

Det er egne forskrifter som gjev krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg. Oppdrett av laks og aure kan ha effekt på vill laksefisk gjennom rømming, spreing av lakselus etc. Det er av stor betydning at drifta av anlegget er slik at ein unngår vesentleg påverknad på dei ville stammene av laksefisk, jf. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vassforskrifta

Vassforskrifta gir rammer for vassforvaltninga. I samsvar med vassforskrifta skal tilstanden i alle vassførekomstar beskyttast mot forverring, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta § 12 omhandlar ny aktivitet eller nye inngrep. Lokalitet Mongstad ligg ved vassførekomsten Fensfjorden, som i samsvar med vann-nett har moderat økologisk tilstand grunna overskriding av grenseverdi på eit vassregionspesifikt stoff (dibenzoanthracene). Vassførekomsten har svært god tilstand målt på makroalger, botnfauna, nærings salt og oksygen. Det er ikkje venta at etableringa vil føre til at miljøtilstanden i vassførekomsten blir endra.

b) Interesseavveging ved arealbruk til akvakultur

Klarering av lokalitet for akvakultur kan berre gjevast om akvakulturforvaltninga har gjort ei veging mellom akvakulturverksemda sitt behov for areal og anna bruk av området. Begrepet området vert brukt for å vise at det ikkje berre gjeld sjølve lokaliteten, men at konsekvensar for andre interesser i tilgrensande områder også skal vurderast. Formålet med regelen er å bidra til ein effektiv og samfunnsnyttig arealbruk. Det styrande vil være ei heilskapleg vurdering av korleis det aktuelle området kan nyttast på ein samfunnsmessig optimal måte, jf. Ot. prp. nr. 61 (2004-2005) side 69.

1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.
Som bakgrunn for søknaden er følgjande oppgjeve:
Ei etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg, vil både styrke det lokale næringsgrunnlaget og sørge for fleire nye arbeidsplassar lokalt.

Fylkeskommunen legg etter dette til grunn at verksemda har eit vel grunna behov for å få klarert lokaliteten Mongstad slik dei har søkt om.

2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur.
Søkar sitt behov for areal skal vurderast opp mot annan mogleg akvakultur i området.
Fylkeskommunen kan ikkje sjå at løyve kjem i konflikt med annan planlagt akvakultur.
Interessekonflikt i høve eksisterande akvakultur i fjorden er vurdert under punkt 3. under.
3. Anna bruk av området.
Søknaden er vurdert opp mot anna og alternativ bruk av området.

Det er kome opplysningar i denne søknadsprosessen i høve til påverknad på anna bruk av området. Vestland fylkeskommune har vurdert dei innkomne merknadene frå Alver kommune, Equinor ASA og Eide Fjordbruk AS mfl., innsendt i samband med offentleg utlysing av søknaden.

Equinor ASA peiker på uavklarte eigedomstilhøve for gjennomføring som omsøkt. Vidare meiner dei det er manglande risikoanalyse som skildrar korleis ein skal eller kan ta i vare sameksistens mellom matproduserande anlegg og forsyningsaktivitet knytt til olje og gass.

Vestland fylkeskommune gjer merksam på at det i samband med søknadshandsaminga ikkje vil bli teke stilling til om den som søker har privatrettsleg rett til å drive på den aktuelle eigendomen, og løyve til akvakultur vil heller ikkje fortrenge eventuelle privatrettslege rettigheter som skulle vera i strid med moglegheitene til å drive akvakultur. Ved handsaming av søknaden skal styresmaktene avklare offentleg rettslege tilhøve i samband med søknaden. Privat rettslege forhold må avklarast mellom partane.

Kompetansen til å vurdere spørsmål knyt til folkehelseomsyn og matvaresikkerheit ligg hos Mattilsynet. Verksemda må ha egne godkjenningar etter Matlova for å drive matvareproduksjon, og må sjølv ta denne risikoen ved etablering på i eit område med anna type verksemd.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga skal likevel ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Alver kommune har i sin uttale tilråd etableringa. Kommunen peiker imidlertid på at dimensjon og volum er stort og verknadene for omgjevnadane samla sett er dei usikre på.

Eide Fjordbruk AS, Blom Fiskeoppdrett AS og Engesund Fiskeoppdrett AS er uroa over produksjonsvolumet og dei utslepp som kjem som følge av etableringa. Dei tek opp spørsmål knytt til kapasiteten som resipienten har særleg med tanke på oppløyste næringsstoff og vidare den økologiske tilstanden i vassførekomsten på sikt. Vidare om desinfisering av avlaupsvatn, koordinering av brakkleggingsperiodar i fjorden og smittehygienisk risiko.

Hovuddelen av desse merknadene er relatert til emne som er i ivareteken ved handsaming etter forureiningslova eller matlova, og vi viser til vedtak frå ansvarlege sektorstyresmakter.

Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslepp til luft og vatn er vurdert av Statsforvaltaren i Vestland som har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova. Statsforvaltaren i Vestland har gjeve utsleppsløyve på 44800 tonn årleg produksjon med vilkår om overvaking av resipienten og sårbar natur. På denne måten vert den økologiske tilstanden i fjordbassenget ivareteken.

Desinfisering av avlaupsvatn, koordinering av brakkleggingsperiodar i fjorden og smittehygienisk risiko er vurdert av Mattilsynet som har gjeve løyve etter Matlova. Basert på internkontrollrutinar og biosikkerheitstiltak som er skildra i søknaden vurderer Mattilsynet at anlegget vil ha lokalar og utstyr som i tilstrekkeleg grad avgrensar risiko for innføring og spreiding av sjukdomar, under føresetnad av at det berre vert produsert matfisk på lokaliteten.

Vestland fylkeskommune er samd med oppdrettsselskapa og Alver kommune i at ABP Aqua Mongstad AS sin søknad for landbasert oppdrett er eit svært stort tiltak. Det vesentlege i denne samanheng er omfanget av den omsøkte produksjonen. Med ein årleg produksjon på 44800 tonn, kan dette tilsvara 10-15 gonger produksjonen for ein lokalitet i sjø i fylke. Dette er ein vesentleg meir belastning som er mykje høgare enn det som er normalt ved ein lokalitetsetablering.

Slike store landanlegg kan føre til at utsleppa til sjø vert så store at dei «fyller opp» resipientkapasiteten i eit fjordbassenget med konsekvens at etablerte aktørar ikkje får moglegheit til naturleg utvikling.

Oppbygging av eit så stort anlegg som det er planar for på Mongstad vil truleg ta fleire år, og det vil truleg ta tid før anlegget kan kome opp i omsøkt produksjonskapasitet. Det er uheldig å tildele produksjonskapasitet som vil gjere at andre aktørar ikkje kan få utvikle seg vidare fordi utsleppskapasitet er bandlagt i eit løyve som ikkje er teken i bruk fullt ut.

Statsforvaltaren i Vestland har gjort berekningar av resipientkapasitet i Fensfjorden og kome fram til at omsøkt storleik for dette anlegget med dagens kunnskap truleg ikkje vil føre til at ein nærmar seg eit tak for resipienten. Resultata frå overvaking av resipienten og sårbar natur vil gje svar på om dette er tilfelle, og om vidare utviklingsmoglegheiter.

Etter ei heilskapleg veving av ABP Aqua Mongstad AS sitt behov for akvakulturløyve og kva samfunnsnytte vedtaket har opp mot verknadane det har for dei som har kome med merknader har vi kome fram til at ABP Aqua Mongstad AS sitt behov for lokalitet og dei uendra verknadane for miljøet må vege tyngst.

4. Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattar av bokstav d i søknadsprosessen.

c) løyve etter anna lovverk

Alle naudsynthe løyve i samsvar med forskrifta punkt c føreligg.

Mattilsynet, Region Sør og Vest har gjeve løyve til etablering av akvakulturanlegg etter matlova og dyrevelferdslova. Løyve dagsett 10.02.2023 vedlagt.

Kystverket har gjeve løyve til legging av leidningar i sjø etter hamne- og farvasslova. Løyve dagsett 14.09.2022 er vedlagt.

Statsforvaltaren i Vestland har gjeve løyve etter forureiningslova. Utsleppsløyve dagsett 11.10.2023 er vedlagt.

NVE har i brev av 24.02.2021 konkludert med at omsøkt anlegg ikkje treng ytterlegare vurdering etter vassressurslova.

d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. Vedtatt arealplan etter plan og bygningslova.
Den omsøkte nyetableringa vil skje på opparbeida areal innanfor næringsområde på Mongstad, som i reguleringsplan vedtatt 16. juni 2022 av Alver kommune er satt av til blant annet landbasert akvakultur.
2. Vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.
Tiltaket er ikkje i strid med vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.
3. Vedtatt vernetiltak kulturminnelova.
Det føreligg ingen informasjon om at tiltaket er i strid med vedtatt vernetiltak etter kulturminnelova. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det finns kulturminne i området, og fylkeskommunen viser til kulturminnelova og meldeplikta.

Etter ei samla vurdering, etter *Lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79*, gjev Vestland fylkeskommune ABP Aqua Mongstad AS, org. nr. 928786994, med akvakulturløyve VL-AL-1 og VL-AL-2 får med dette løyve til å etablere akvakulturanlegg for oppdrett av settefisk og matfisk av laks (*Salmo salar*) aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Onchorynchus mykiss*) på lokalitet 45177 Mongstad i Alver kommune.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser og i samsvar med godkjente koordinatar for anlegget.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gjeve med føresetnad av at etablering, drift og eventuell avvikling vert gjennomført i samsvar med til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyve etter Akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Anna

Vestland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndigheitene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndigheitene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på av saka sine partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretninga om avgjerda er komen fram til vedkomande part, sjå om dette i vedlagt orientering. Eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningslova § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsett til klagesaka er avgjort.

Med helsing

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef


Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

Statsforvaltaren i Vestland 08.05.2023 og 11.10.2023
Mattilsynet Sør og Vest 10.02.2023
Kystverket 14.09.2022
Kart over godkjent plassering
Klageskjema

Kopi:

Statsforvaltaren i Vestland
Fiskeridirektoratet
Mattilsynet avdeling Sør og Vest
Kystverket
NVE
Alver kommune
Equinor ASA
Eide Fjordbruk AS
Blom Fiskeoppdrett AS
Engesund Fiskeoppdrett AS





Figur 2. Planavgrensing for reguleringsplan "Grøn omstilling Mongstad" (PlanID 46312020006) og anleggets plassering innenfor avgrensingen.



Figur 5. Skisse av hele det planlagte landbaserte anlegget med tilhørende infrastruktur slik som det framstår på søknadstidspunktet inntegnet på Mongstad i Alver kommune. Fra Artec Aqua AS.

<p>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)</p> <p>Vestland fylkeskommune</p>	<p>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p> <p>(2) Dato 16.10.2023</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse)</p> <p>ABP Aqua Mongstad AS</p>	<p>(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet Postboks 185 Sentrum 5804 Bergen</p>
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevjegrungjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grungjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grungjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grungjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. </p> <p>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
<p>Særlege opplysningar</p>	